



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2015/022457-009

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.09.2015

### Vedrørende avkøyrsløysing - gnr. 172 bnr. 197 - Lindås kommune

Statens vegvesen har blitt kontakta av Ing. Taule as i samband med søknad om bygging av bustad på gnr. 172 bnr. 197 i Lindås. Saka gjeld avkøyrsløysing frå fylkesveg.

Vi har fått tilsendt kopi av rammeløysing frå Lindås kommune, datert 26.08.2015. I løyvet står det mellom anna følgjande om avkøyrsløysing:

*Avkøyrsløysing til offentleg veg følgjer av godkjent reguleringsplan. Denne avkøyrsløysinga til FV 402 er pr. i dag ikkje kontrollert og godkjent av Statens vegvesen, jf. deira uttale datert 18.05.2015. For at eigedomen skal vere sikra tilkomst til offentleg veg i samsvar med pbl § 27-4, må godkjenninga frå Statens vegvesen ligge føre. Det vil ikkje kunne bli gitt igangsetjingsløyve til bygging av bustad før dette er på plass.*

Statens vegvesen var på synfaring i saka 17.09.2015. Vi stiller spørsmål ved om avkøyrsløysing med tilhøyrande fortau er bygd i samsvar med reguleringsplanen. I vest er det klart at avkøyrsløysing ikkje er avgrensa slik planen viser. I aust er det vanskeleg å få avklara dette, då det ikkje enno finst kartdata som er oppdatert på dei seinaste endringane i området.

Dersom det er ynskjeleg frå kommunen si side i denne saka, kan Statens vegvesen handsame ein avkøyrsløysingssøknad i det regulerte området som enkeltsak etter veglova. Med bakgrunn i synfaringa har vi eit framlegg til korleis ei avkøyrsløysing i tilknytning til denne byggesaka kan løysast. I korte trekk går den ut på å stramme opp avkøyrsløysing slik at den vert utforma i samsvar med breidda i reguleringsplanen. I aust er avkøyrsløysing avgrensa av grøft og fortau. I vest tenkjer vi oss ei tilsvarande avgrensing i form av om lag 10 meter refuge/fortau langs fylkesvegen, samt ein refuge som avgrensar avkøyrsløysing frå lagerområdet vest for den. Refugen/fortauet langs vegen er nødvendig for å leie gåande, mellom anna skuleborn, trygt gjennom avkøyrsløysingsområdet.

Vi kan teikne ei skisse som viser denne løysinga, men for å kunne gjere det treng vi oppdaterte kartdata som viser fortauet og avkøyrsløysing slik dei er bygd/endra i samband med bygging på Seim skule.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Dersom kommunen ynskjer at vegvesenet skal utarbeide ei skisse til løysing med utgangspunkt i eksisterande situasjon på staden, ber vi om å få tilsendt kartgrunnlag/innmålingsdata som viser dagens situasjon.

Vi vil generelt gjere merksam på at der det vert bygt nytt veganlegg langs riks- og fylkesveg, skal endringar målast inn og data sendast til Statens vegvesen/Nasjonale vegdatabank (NVDB) i samsvar med dei krava som til ei kvar tid gjeld for slike data.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

  
Odd Høydalsvik  
sjefingeniør

  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Ing. Taule as v/ Karl Atle Taule (atle@ing-taule.no)